



# KYRKJEBLAD

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

September 1980

34. årg.

*Helsing frå søndagsskulen i Øvre Eksingedal*



*Til søndagsskulen går eg  
så lys og glad i sinn.  
Der høyrer eg om Jesus,  
den beste venen min.*

Søndagsskuleborna i Øvre Eksingedalen vil gjerne gjennom Kyrkjebladet få senda ei helsing til søndags-

*Bli med, bli med  
til søndagsskulen vår.  
Bli med, bli med  
til himmelen vi går.*

skulane og huslydane i kommunen med denne songen.

Her på biletet er vi samla utanfor

## Kyrkjebladets Bibelskole

1. *Salige er de fattige i ånden* (litt om saligprisningene i Matt. 5,3-12).

I Matt. 5-7 finner vi Bergprekenen, en tale av Jesus. Jesus holdt denne talen oppe i fjellet, derfor kalles den så.

Det er en tale til Jesu venner og Jesu elever (disipler), de som hadde fått tiltro til ham. Den innledes med saligprisningene. Med myndige ord gjør Jesus dette klart at han ikke er kommet for å samle tropper til et opprør mot nasjonalfienden, romerne. Han er kommet for å tilby himmelriket til de mennesker som åpner seg for evangeliet.

V. 3: Salige er de som er fattige i seg selv, for himmelriket er deres.

Gammel oversettelse har: fattige i ånden. Ånden er sentrum for det åndelige liv. Hva mener Jesus? Hans disipler skal stå for Gud som tiggere. Ikke som egenrettferdige og selvtilfredse mennesker som er godt fornøyd med seg selv, men som fattige tiggere.

skulehuset ein fin vårsøndag. Søndagsringen hadde diverre ikkje høve til å møta denne søndagen, men ungdomane er trugne til å stø opp om søndagsringen sin.

Med helsing fra søndagsskulen  
og søndagsringen  
v/ Johannes Nesheim, Ingunn L.  
Gullbrå og Mari Lundestad.

Hjarteleg takk for helsinga til Kyrkjelydsbladet. Gud signe borna og dei unge i Eksingedalen.

Ingen liker å gå konkurs. Men den åndelige fallitt er nødvendig for at mennesker skal se sin synd og sitt behov for syndsforlatelse.

Og de fattige i ånden skal få møte en nådig Gud i Jesus Kristus. Velkommen til den Herre Jesus.

Du konkursrammede — her i verden møter du bare håndfaste og harde krav. Men hos Gud møter du nåde og barmhjertighet for Jesu skyld.

«Himmelriket»: den greske teksten har «himlenes kongerike». «Himlene» i flertall står for det opphøyde og majestetiske ved Guds rike. «Kongerike» sier oss at Gud er konge og herre i sitt rike.

«Himmelen» brukes ofte som betegnelse for Guds bolig. «Himmelriket» er mer omfattende, det er der hvor Gud får være herre og frelser. Riket utvider sine grenser gjennom forkynnelsen av Evangeliet, og det er av åndelig, ikke-synlig art inntil Jesu gjenkomst, det vil si at det er synlig på en måte, men ikke synlig i sin fulle herlighet.

«Himlenes rike er kommet nær» fordi Jesus er kommet nær, og det tilbys alle botferdige syndere som trenger Guds tilgivelse og er villig til å ta imot Jesus som frelser og frelsesgrunn.

### 2. *Sorg over synden.*

Vers 4 forklarer mer om de åndelig fattige: «Salige er de som sørger, for de skal trøstes.»

Det er ikke tale om den sorg vi føler når vi møter motgang eller mister en av våre kjære. Her er det tale om sorg over våre synder og vår syndighet (som er medfødt), og de som sørger på denne måte skal trøstes med Evangeliet om syndenes forlatelse.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 15,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S

5610 Øystese. — Tfn. 55045

Beslektet med disse vers er v. 6: «Salige er de som hungrer og tørster etter rettferdigheten. «Dette ordet kan få en rik tyding: 1. at du ønsker rett og rettferdighet i sin alminnelighet her i verden, 2. at du lengter etter å bli syndfri, 3. at du higer etter Guds frelse.

Den siste tyding er nok den som dominerer mest i sammenhengen. «Guds rettferdighet» kan bety at Gud skaffer mennesker rettferdighet eller frelse. Da Luther forsto dette, fikk han er nytt lys over enkelte skriftord i Romerbrevet. Han forsto at Romerbrevet taler både om en dømmende og en frelsende rettferdighet. «For i evangeliet åpenbares Guds rettferdighet, av tro og til tro,» her tales om en frelsende rettferdighet som Gud gir til mennesker.

3. *Evangeliet åpenbarer Guds frelsende rettferdighet.*

«Åpenbaringen» er at Guds dømmende rettferdighet (straffen over synd) falt på Guds Sønn på Golgata kors. Guds Sønn var et stedfortredende offer for synden. Han ble dømt i vårt sted. Derfor kan Gud nå gi deg

sin frelsende rettferdighet. Rom. 3,21: Men nå er Guds rettferdighet blitt åpenbart uavhengig av loven. V. 22: Dette er Guds rettferdighet som gis ved troen på Jesus Kristus.

Av denne grunn kalles frelsen også «rettferdiggjørelse av tro». Men ordet «rettferdiggjørelse» er hentet fra rettspråket og betyr at et menneske frikjennes i retten. Retten sier de ord som en anklagd helst ønsker å høre. Ikke skyldig! Forskjellen er bare at det er Gud som sier dette om et menneske.

Gud stiller deg altså *uskyldig* frem for seg selv for Jesu skyld, og dette kalles i Bibelen «rettferdiggjørelse».

Slik «metter» Gud de som hungrer etter frelse. Men de skal også mettes med fullkommenhet etter døden i Guds evige rike.

«De rene av hjertet», v. 8 er slike som er oppriktige i sin ånd overfor Gud, uten svik.

Vers 11 viser hvor avgjørende Jesus og forholdet til Jesus er for frelsen og gudsforholdet: «Salige er dere når de for min skyld håner og forfølger dere.» Verset er en kraftig avvisning av en Kristusløs fortolkning av Bergprekenen. Noen vil nemlig redusere Kristus til en «lærer». Men hvem har rett til å si om et menneske at det er «salig»? Det har bare Gud, iallfall når «salig» betyr å ha et rett forhold til Gud.

Ellers fremgår det av mange ting at Jesus talte med en langt større autoritet enn profetene. Og folket var slått av forundring over hans myndighet.

Jesus er ikke bare en lærer, og han er ikke bare «mannen fra Nazaret» som Philip Høim vil gjøre ham til



(påvirket av vranglærende teologer og bibelkritikere som vi ikke har grunn til å ta alvorlig i den kristne kirke, for hvem har sagt at *vanthro* skal være et gyldig argument mot Bibelen?). Hele det bibelske vitnesbyrd rammer en slik oppfatning av Jesus.

«Du er Messias, den levende Guds Sønn».

Og bare Gud kan tale slike ord: «Den som kommer til meg, vil jeg ingenlunde støte ut!»

D. L.

## For opp til himmelen

Ved rektor Leif M. Michelsen

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord. Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av møya Maria, pint under Pontius Pilatus, krossfest, døydd og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen.

Folk har vanskar med dette leddet i trusvedkjenninga. Dei meiner at moderne vitskap har gjort det uråd å tru på ei himmelfart, og dei kan ikkje rett sjå kva dette trusleddet har å seie for oss.

I Bibelen er himmelen både namnet for ein del av skaparverket, 1. Mos. 1,1 og uttrykk for den guddommelege verda som er annleis enn vår jordiske. Denne dobbelte tyding fører til at ordet blir brukt på fleire måtar. I skapingsforteljinga blir det sjølv sagt ikkje sagt at «Gud bur i himmelen», for der er både himmel og jord noko som blir til på Guds ord. Gud er før alt det skapte, og han er skild frå det som skaparen er skild frå skaparver-

ket. Då Jesus lærte disiplane å be, seier han at vi skal be til vår Far som er i himmelen. Då brukar han avstandane i verdsrommet til å understreke den skilnad der er mellom Gud og oss små menneske når det gjeld dimensjon og makt. Men at Gud ikkje «sit» eller «bur» i himmelen — om vi med det tenkjer på himmelen som ein del av skaparverket, det visste ein alt i gammaltestamentleg tid. «Sjå, himmelen, den høge himmel, rømer deg ikkje, langt mindre dette huset som eg har bygt», sa Salomo då han innvigde tempelet i Jerusalem. Men han seier likevel at når eit lite menneske ber til Gud frå denne staden, så vil Gud «høyra det i himmelen og gripa inn og hjelpa.» 1. Kong. 8,27 og 32. Sjå og Jesaja 50,6 og Matt. 5,18 som seier at himmelen skal forgå. Samtidig blir det tala om «himmelriket» som aldri forgår. Matt. 5,3 og 12.

Løyndomen bak denne dobbelte språkbruken er sjølv sagt at «himmelen» i bibelsk språkbruk ofte er eit uttrykk for Guds verd og ikkje for ein del av vår.

At Jesus fór opp til himmelen, betyr at han gjekk til Gud. Den som trur at det finst ein Gud over oss, ein som har skapt verda og framleis har omsorg for henne, kan og tru på Jesu himmelfart. For ordet «himmel» blir ikkje her brukt på nokon annan måte enn når eg seier at Gud er i himmelen og vi på jorda.

Dermed har vi og funne nøkkelen til å forstå kva Kristi himmelfartsdag har å seie oss. Den talar om at Jesus blir opphøgd. På same måte som Bibelen bruker avstanden mellom himmel og jord til å måle Guds velde

og makt i forhold til oss jord-menneske, blir og den same avstand brukt til å opphøge Jesus. På same måte som Bibelen bruker tanken om at vi har ein Far i himmelen til trøyst og oppmuntring til Guds born gjennom den tanke at Jesus tronar i himmelen, at han står ved Guds side, Ap.gj. 7,55-56, at han går i forbøn for oss og følgjer si stridande kyrkje slik at ikkje noko lenger kan skilje oss frå hans kjærleik. Rom. 8,34-39/Hebr. 8,1.

## Program

For vårt rike er i himmelen, og derifrå ventar me og Herren Jesus Kristus som frelsar, han som skal omskapa vår nedrings-lekam, så han vert lik med hans herlegdoms-lekam etter hans kraft til å leggja alle ting under seg. Fil. 3,20-21.

Det er Paulus som skriv dette. Vårt rike er i himmelen, og derifrå ventar me Jesus som frelsar.

No kan ein spørja: Har ikkje Jesus frelst oss? Han har då sona vår synd på Golgata, og då frelste han oss. Han ropa då ut: «Det er fullført», før han gav åndi si over til Gud. Og forhenget i templet rivna midt i to, ovantil og radt ned, og då har vel Jesus frelst oss? Jau, han har frelst oss frå synda og dens fylgjer. Men den frelsa Paulus skriv om her er at han skal frelsa oss frå vesaldomen her nede.

I 1. Tess. 4,16-17 står det at Herren sjølv skal koma ned frå himmelen, og dei som er avlidne i Kristus skal først standa opp, så skal me som lever, som vert att, saman med dei verta rykte i skyer opp i lufta til å møte Herren, og so skal me alltid vera med Herren.

Frelsa er at han skal omskapa vår nedrings-lekam så den vert lik med hans herlegdoms-lekam. Og denne tilstand er ikkje noko som skal vara berre ei lita tid. Nei, den skal vara evig.

Du som er ung i dag har gjerne eit program for livet. Du vil ha ein bra stilling, få deg ein heim osv. Og det er bra. Men dette tek slutt ein dag.

Det er ingen som har slikt program for oss som Jesus, dets verknad er evig.

Ingen har ofra so mykje som han, for at dette skal kunne gjennomførast. Satans program var evig død og fortaping.

Jesus reiv dette i stykke ved sin død og si oppstoda.

Men skal Jesus få gjennomføra dette med oss så må me tru på han, som den han er, Guds Son og vår frelsar. Vera hans læresvein ved å læra å halda det han har bode oss.

Håkon Helle.

## En sterk og mektig Gud

En sommer gikk det et veldig jord-skjelv over en av de vest-indiske øyer. Som en kunne vente, ble folk helt skrekkslagne og fór omkring uten å vite hva de skulle gjøre. En misjonær som arbeidet på øya, gik omkring og prøvde å berolige folket. Ved en hytte traff han en kvinne. Hun var ikke som de andre. Hun satt rolig i hyttedøra som om det ikke skulle være noe på ferde.

«Er du ikke redd?» spurte misjonæren.

«Redd? Hvorfor skulle jeg være redd når jeg har en så sterk og mektig Gud at han kan la hele jorda skjelve!»

### Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, tlf. 39 63 21  
Måndag, tysdag,  
onsdag og fredag 8.30 15.00  
Torsdag . . . . . 10.00 17.30

VAKSDAL, tlf. 39 72 15  
Tysdag og fredag 8.30 15.00  
Torsdag . . . . . 10.00 17.00

STAMNES, tlf. 39 80 15  
Måndag . . . . . 9.30 14.00

### Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

### Stamnes Handelslag STAMNESHELLA

### Dale Handelsforenin Dalekvam

### TOMAS UTSKOTTS SKOFORRETNING Dalekvam

### Vaksdal koop. Handelslag VAKSDAL

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10

Kjøp i Dykkar eigen forretning

### RADIOSPECIALEN <sup>1/5</sup>

Dalekvam  
Tlf. 39 61 40

### RADIO — TV

Reparasjonsverkstad

### BØKER — PAPIR — BIBLAR SALMEBØKER — SANGBØKER

### EIDE & PETERSEN <sup>1/5</sup>

Dalekvam  
Tlf. 39 61 58

### K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam  
Tlf. 39 62 23

### BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTA

### Arthur og Arne Vaksdal KVIKKBAR

Dalekvam  
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

## Kulturradikalismen

Kulturradikalisme er eit ord vi ofte støyter på. Kva er no det? Ordet «radikal» kjem av eit ord som tyder «rot». Radikalisme tyder då at ein går til roten av ei sak. Men som vi skynar bruker vi ikkje dette ordet korrekt i alle samanheng. For kva er røtene til kulturradikalismen? At det er røter i filosofiske spekulasjonar er det ikkje tvil om, men det er ofte veldig vanskeleg å få tak i røtene. Ofte endar alt i eit stort *tomrom* — eit tomrom uten Gud og utan heilage skrifter. Mykje enklare er det å finne røtene til den kristne kultur. Då går vi til Den Heilage Skrift. Men kulturradikalismen er eit åtak på denne kristne kulturen, dei kulturradikale er slike som riv ned utan å byggja opp. Dette vil ikkje dei kulturradikale sjølv vera samd i. Dei har jo sine «verdiar» som dei slåss for. Det er slike «verdiar» som toleranse, liberalisme, pluralisme, religionsfridom, likestilling og fri abort. Og ein kan vel leggja til: fridom frå autoritetar.

I denne fridomselsken ligg det både noko godt og noko vondt. For det er klårt at det finst falske autoritetar. Men like klårt er det at ikkje alle autoritetar er falske. Dei kristne kan ikkje gå med på at Den Heilage Skrift er ein falsk autoritet! Ein kan ikkje setja til side Gud og Guds ord. På dette punkt er det kraftig kollisjon mellom kulturradikalismen og kristendomen. Som kristne seier vi at dei profetar og apostlar som er utsendt frå Gud er meir å lita på enn dei filosofar som dei kulturradikale er påverka av. Og sagt med andre ord: Det fyrste bod tyder at vi ikkje skal lata oss påverka av den kulturradikale

pressa og det kulturradikale NRK, for det er ikkje tvil om at kulturradikalismen bruker både dagspressa og NRK. Dave Allens serie står som eit klårt prov på kva omgrepet «toleranse» kan tyda for dei kulturradikale: retten til å harsellera over det som er heilag og ukrenkjeleg for mange menneske. Retten til gudsbespottning. Ikkje noko er heilag for dei kulturradikale. Ein må få lov til å driva litt ap med kyrkja og prestane som berre er menneske, men ein skal ikkje driva ap med Gud og slike omgrep som himmel og helvete. D. L.

### Hausvik og Faugstad <sup>1/5</sup> Vaksdal

Telefon 39 72 13

### Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet  
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

### A. L. VATLE DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

### Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Tlf. Dalekvam 39 61 61  
Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull meterverarar  
Strikke-jakker og gensere



## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### Dale:

- Øivind Sellevold Kjellnø, f. 27.5.1980, døypt 6.7.  
Linn-Terese Brekkhus, f. 22.3.1980, døypt 25.5.  
Ingrid Knutsen, f. 21.3.1980, døypt 22.6.  
Tove-Helen Nottveit, f. 22.3.1980, døypt 22.6.

#### Stamnes:

- Tanya Kvamme, f. 10.9.1979, døypt 25.5.1980.  
Aud Jorunn Trohjell, f. 14.3.1980, døypt 25.5.  
Inger Helene Johnsen, f. 10.4.1980, døypt 6.7.  
Irene Busch, f. 10.5.1980, døypt 6.7.

#### Vaksdal:

- Eivind Halvorsen, f. 20.1.1980, døypt 26.5.  
Ørjan Furubotn, f. 3.4.1980, døypt 29.6.  
Helen Eide Viken, f. 25.1.1980, døypt 8.6.  
Elisabeth Emilie Sefranek, f. 2.6.1980, døypt 29.6.  
Therese Bruvik, f. 9.4.1980, døypt 13.7.

### VIGDE:

#### Dale:

- Torbjørn Dale og Bjørg Karin Indre Arna, vigde 5.7.  
Øystein Dale og Sissel Karin Sandvik, vigde 5.7.

#### Stamnes:

- Ketil Cook og Åse Audhild Dyvik, vigde 21.6.  
Kai Ove Hatlestad og May Britt Hagen, vigde 28.6.  
Oddbjørn Ingve Vik og Britt Kari Eide, vigde 19.7.

#### Vaksdal:

- John Harald Maridal og Aslaug Tolås, vigde 21.6.

### AVLIDNE:

#### Dale:

- Knut A. Vaksdal, død 23.5. 1980, gravlagd 30.5.  
Olav Hatlestad, død 30.5., gravlagd 7.6.  
Torbjørn Teigen, død 8.6., gravlagd 13.6. i Stjørdal.  
Andreas Naustdal, død 15.6., gravlagd 20.6.  
Johannes Blomdal, død 27.6., gravlagd 5.7.  
Håkon Bertin Rørgård, død 30.6., gravlagd 8.7.  
Birger Johan Verpelstad, død 4.6., gravlagd 11.6.  
Henrik Olai Kvamme, død 21.7., gravlagd 26.7.  
Alvilda Røe, død 19.7., gravlagd 25.7.

#### Nesheim:

- Johannes Gullbrå, død 15.5., gravlagd 22.5.

#### Stamnes:

- Knut L. Kallestad, død 19.5., gravlagd 23.5.

#### Vaksdal:

- Ole Boge, død 4.7., gravlagd 9.7.  
Anna Sofie Tolås, død 21.7., gravlagd 26.7.

## Velkomen til kyrkje

#### 17. søndag etter pinse, 21. september:

Nesheim kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Offer.

Vaksdal kl. 11.00. Gudsteneste. Nattverd. Offer.

#### 18. søndag etter pinse, 28. september:

Dale kl. 11.00. Akademilektor Ole Øystese og sokneprest Steinnes. Offer til Norsk Lærerakademi.

Vaksdal kl. 18.00. Akademilektor Ole Øystese og sokneprest Steinnes. Offer til Norsk Lærerakademi.

#### 19. søndag etter pinse, 5. oktober:

Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus. Nattverd. Offer.